

Janne Hjørnevåg, som leier turngruppa, minnar om at det onsdag kveld klokka 17 blir karnevalsavslutning for barnetrimmen i hallen.

Barna står fritt til å kle seg ut og det skal vera leik og dans.

Så skal dei eta pølse og is med saft til.

Gruppa vil takka alle positive foreldrar som har stilt opp som instruktørar denne sesongen. Utan dei kunne dei ikkje hatt barnetrim.

Onsdag kveld skal elles idrettskulen ha sykkelløype på skuleplassen klokka 18. Det blir øvingar på sykkelferdigheter og teoretiske oppgåver og flotte premier til alle. Dei satsar på gjennomføring sjølv om det vert litt regn.